# 4 gode grunnar til å røyste SV



Ulike menneske
**like sjansar**


# 4 gode grunnar til å røyste SV





Ulike menneske
**like sjansar**

## 1. SV ER MILJØPARTIET

Vi seier nei til oljeboring i dei sårbare havområda utanfor Lofoten og Vesterålen.

SV meiner den rike oljenasjonen Noreg har eit særskild ansvar for å bidra i kampen mot klimaproblema. Det hastar med å innføre tøffe klimatiltak. SV vil satse på fornybar energi, byggje jernbane og utvikle ny miljøteknologi.

## 2. SV SATSAR PÅ SKULEN

Vi vil sikre nok lærarar på kvar skule.

SV arbeider for ein god og gratis offentleg skule, der alle elever blir sedde og hjelpne fram av gode lærarar . SV vil lovfeste at det frå 1. til 4. klasse skal vere minst éin lærar per femten elevar. Frå 5. til 10. klasse skal det vere minst éin lærar per 20 elevar. Vi vil innføre makspris og kvalitetskrav i SFO og gje gratis leksehjelp.

## 3. SV VIL GJE KVINNER LØN SOM FORTENT

Vi vil innføre ein likelønspott som sikrar høgare løn til kvinnedominerte yrke i offentleg sektor.

SV godtek ikkje at kvinner i gjennomsnitt tener femten prosent mindre enn menn. Vi meiner staten må bidra til å heve kvinneløna gjennom ein likelønspott i offentleg sektor. I tillegg vil vi kjempe mot ufrivillig deltid.

## 4. SV KJEMPAR MOT FATTIGDOM

Vi vil innføre nasjonale minstesatsar for sosialhjelp.

SV vil gje skattelette til lågtlønte og auke skattane for dei som tener mest. Deler vi goda meir rettferdig, kan vi skape arbeid og velferd til alle. Barnehagar, fritidstilbod og helsetenester skal vere tilgjengelege for alle uavhengig av storleiken på lommeboka.

**VIL DU BLI MEDLEM?** For å bli medlem i SV,
send medlem [ namn og adresse] til 1938,
eller ring **21 93 33 00**
SVs nettsider: **www.sv.no**
E-post: **post@sv.no**

## 1. SV ER MILJØPARTIET

Vi seier nei til oljeboring i dei sårbare havområda utanfor Lofoten og Vesterålen.

SV meiner den rike oljenasjonen Noreg har eit særskild ansvar for å bidra i kampen mot klimaproblema. Det hastar med å innføre tøffe klimatiltak. SV vil satse på fornybar energi, byggje jernbane og utvikle ny miljøteknologi.

## 2. SV SATSAR PÅ SKULEN

Vi vil sikre nok lærarar på kvar skule.

SV arbeider for ein god og gratis offentleg skule, der alle elever blir sedde og hjelpne fram av gode lærarar . SV vil lovfeste at det frå 1. til 4. klasse skal vere minst éin lærar per femten elevar. Frå 5. til 10. klasse skal det vere minst éin lærar per 20 elevar. Vi vil innføre makspris og kvalitetskrav i SFO og gje gratis leksehjelp.

## 3. SV VIL GJE KVINNER LØN SOM FORTENT

Vi vil innføre ein likelønspott som sikrar høgare løn til kvinnedominerte yrke i offentleg sektor.

SV godtek ikkje at kvinner i gjennomsnitt tener femten prosent mindre enn menn. Vi meiner staten må bidra til å heve kvinneløna gjennom ein likelønspott i offentleg sektor. I tillegg vil vi kjempe mot ufrivillig deltid.

## 4. SV KJEMPAR MOT FATTIGDOM

Vi vil innføre nasjonale minstesatsar for sosialhjelp.

SV vil gje skattelette til lågtlønte og auke skattane for dei som tener mest. Deler vi goda meir rettferdig, kan vi skape arbeid og velferd til alle. Barnehagar, fritidstilbod og helsetenester skal vere tilgjengelege for alle uavhengig av storleiken på lommeboka.

**VIL DU BLI MEDLEM?** For å bli medlem i SV,
send medlem [ nan og adresse] til 1938,
eller ring **21 93 33 00**
SVs nettsider: **www.sv.no**
E-post: **post@sv.no**